

Landbruks- og Matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Attn: Avdelingsdirektør Henrik Einevoll

Oslo, 9. januar 2009

## **Høyring - forskrift om råvareprisutjamning for bearbeidde jordbruksvarer**

Me viser til brev av 12. nov 2008, og vil koma med følgjande synspunkt på høyringsbrevet.

### Innleiing

Nortura BA tek imot dyr, egg og ull frå over 25 000 produsentar over heile landet, og er den største varekanalen for desse råvarene i den norske marknaden. Produkta blir i stor grad omsett under eigne varemerke, men Nortura er også ein stor leverandør til annan norsk næringsmiddelindustri, herunder til industri som produserer såkalla RÅK-varer.

Forslaget til ny forskrift skal avløysa FOR 2004-12-21 nr 1746, FOR 2004-12-21 nr 1821, FOR 2008-10-10 nr 1098 og deler av FOR 2005-01-28 nr 60. Den sistnemnde forskrifta skal vidareførast med satsane for XRK-ordninga. Nortura støttar dette, og meiner at omlegginga vil skapa noko forenkling i forskriftsbasen.

### §1. Formål

Endringar i forbruksmønsteret og utviklinga i varesortimentet lever i eit dynamisk samliv. Foredlingsgraden av råvarene og salet av ferdiglaga og samansette måltidsprodukt aukar. Samstundes er importkonkurransen på såkalla RÅK-varer aukande. Det blir difor ei stadig større utfordring å sikra avtak for norskproduserte jordbruksvarer, og oppgåva ”bruk heile dyret heile tida” set store krav til produktutvikling og til stabilitet i rammevilkåra. RÅK-industrien er ein svært viktig varekanal for norske råvarer, og det er difor heilt naudsynt å sikra denne industrien stabile rammevilkår, med bl.a. ordningar som kan utlikna konkurranseulemper som skuldast ulikskapar i nasjonal politikk. Nortura støttar difor sterkt formuleringane i §1 som slår fast at hovudføremålet med ordningane er å sikra avtak av norskproduserte jordbruksråvarer ved å kompensera RÅK-industrien for forskjellen i råvarepris mellom Norge og utlandet.

#### **Nortura BA**

Postboks 360 Økern  
N-0513 Oslo  
Lørenveien 37  
Tel.: +47 22 09 21 00  
Fax: +47 22 15 59 08

Forbrukertelefoner:  
Gilde: 800 33 390  
Prior: 800 48 130  
www.nortura.no  
firmapost@nortura.no

Bank: DNB NOR Bank ASA  
Bank Norge: 7076 05 28623  
IBAN: NO41 7076 0528 623  
SWIFT/BIC: DNBANOKKXXX  
Org.nr.: NO-938 752 648 MVA

Bank EURO: 5002 0447 386  
IBAN:NO49 5002 0447 386  
SWIFT/BIC:DNBANOKKXXX

## §2. Prisnedskrivning og §3. Eksportrestitusjon

Nortura støttar forslaget om å presisera at ordningane berre omfattar ”norskproduserte jordbruksråvarer”. Dette er heilt i tråd med hovudføremålet med ordningane, jfr. §1.

## §6. Reseptar

Nortura meiner at legitimiteten og slitestyrken i ei kvar ordning i stor grad kviler på at regelverk og forvaltningspraksis blir utforma slik at ordninga er lett å bruka, og at det vert lagt til rette for mest mogleg likebehandling av alle aktørar. Nortura støttar difor at innmelding av reseptar skal følgja ein fast standard, som også presiserer kva som kan reknast for svinn i produksjonen. I §4 *Tilskotsgrunnlag* heiter det at det er ...”de **solgte** ferdigvarenes forbruk...” som utgjer tilskotsgrunnlaget. Nortura finn det difor rimeleg å halda svinn i form av varer som har gått ut på dato, utanfor det som kan reknast for svinn i produksjonen.

## III. Endring i vedlegga

Erfaringsvis har dynamikken i vedleggslista vore svært avgrensa og hovudsakleg berre gått ein veg. Nortura har likevel ingen store innvendingar mot forslaga til endring av lista, men vil reisa spørsmålet om større fleksibilitet i prosedyrane for listeføring, særleg med tanke på å få listeført på nytt varer som tidlegare er tekne ut. Ved vurdering av utviding av lista med heilt nye varer, legg Nortura til grunn at det blir lagt vekt på omsynet til konkurransenøytralitet mellom RÅK-varer og tilsvarande ferdigvarer som ikkje er RÅK-varer.

Med vennleg helsing  
Nortura BA

Gunnar Dalen  
Direktør Nærings- og handelspolitikk